

## **PROSJEKT «LYFT FOR YRKESFAG»**

Hallingdalsregionen treng yrkesfagleg kompetanse for å dekke eit udekt behov i arbeidsmarknaden. I tillegg ynskjer «alle» med hjarte for regionen, bu-lyst og bli-lyst til potensielle Hallingar. Ål vgs er regionen og Viken fylkeskommune sin utdanningsinstitusjon for dette.

Så er det eit faktum at ungdom gjer sine val for vidaregåande opplæring ut frå mange kriterium. Og for ein del av ungdommane skjer dette på eit tynt og til dels uvitande grunnlag, der yrkesfag ofte må vike til fordel for studiespesialiserande liner. Resultat av dette kan vere omval etter vg1 eller eit meir kronglete løp seinare i utdanninga for å nå yrkesdraumen.

Med dette som bakteppe ynskjer Ål vgs å lage eit prosjekt med målsetjing om å lyfte yrkesfaga slik at dei får den statusen dei fortener og at aktuelle målgrupper får relevant og god informasjon. Me ynskjer med andre ord å gje unge hallingar, og føresette, betre informasjon, opplysning og rådgjeving for å synleggjere dei mogelegheiter det er i Hallingdal for arbeid og gode liv med ei yrkesutdanning i botn. At ungdommen kan gjere sine val tufta på eit breiare og meir nyansert grunnlag enn kva tilfellet er i dag. Eit prosjekt som vil ha positive fylgjer for 1) ungdommane sjølve og 2) regionen Hallingdal.

### **MÅLGRUPPE:**

Målgruppa for prosjektet er primært elevar i ungdomsskulen og deira føresette. Men også rådgjevarar og lærarar i grunnskulen og elles alle andre som treng opplysning om yrkesfag.

### **MÅLSETJING:**

Prosjektet tek mål av seg å synleggjere i større grad kva me har å tilby av yrkesutdanning ved Ål vgs og kva høve det er i Hallingdal for arbeid og gode liv, etter å ha tatt yrkesfagleg utdanning.

Yrkesfagleg utdanning stenger nemleg ingen dører, den opnar. Ved å evt byggje på med generell studiekompetanse (vg3), ligg vegen også open til mange høgskule- og universitetstilbod (Y-vegen).

### **PROSJEKTSKISSE:**

- Lage audio-visuelt materiale som:
  1. ...presenterer typiske yrker i Hallingdal. (Filmopptak gjort ute i bedrifter/på arbeidsplassar, gjerne med lærlingar i intervjurolla.)
  2. Presenterer vegen til desse yrka gjennom vidaregåande opplæring
  3. Presenterer kva yrkesfagleg utdanning ungdommar/unge vaksne kan få lokalt ved Ål vgs.
  4. Presentere dei fordelane ein kan oppleve ved å ta læretid, og seinare ha fast arbeid, i regionen Hallingdal.
- Til produksjonen ynskjer me å bruke ei lokal bedrift; Filmprodusentane AS.

### **ØKONOMI:**

For å gjere dette til eit kvalitetsprodukt som møter ungdom/unge vaksne på flater dei er vane med og med eit moderne uttrykk som kan stå seg over tid, vil prosjektet ha ei kostnadsramme på ca kr 250 000. Ål vgs kan klare å stille med om lag ½-parten av dette sjølve, men er avhengig av at andre interessenter også bidreg inn i prosjektet.

*Håper dette er av interesse for Regionrådet og at me kan etablere eit samarbeid for å sjå på løysingar som kan bidra til realisering av prosjektet i fullskala - til det beste for unge hallingar spesielt og Hallingdal generelt!*

Ål vgs , 25.02.21.

*Mbh Arnstein Sørbøen, rektor.*

**PS:**

Me har vore i kontakt med fleire bedrifter for å høyre om deira innstilling til å vere med på å profilere sitt yrke/sine yrker, og får utelukkande positiv respons. Å framsnakke yrkesfag og synleggjere mulighetene i Hallingdal er noko «alle» er opptatt av.